



## Bli vår nye rektor ved Møre barne- og ungdomsskule i Dragsund

**Stilling:** Rektor, 100 % fast

**Søknadsfrist:** 14.05.2024

**Startdato:** 01.08.2024, eller etter avtale

### Om skulen:

Møre barne- og ungdomsskule er ein god stad å jobbe! Vi legg vinn på å skape eit inkluderande og trygt miljø der elevane føler seg sett og høyrde. Skulen består av to avdelingar: barnetrinn og ungdomstrinn. Samstundes er vi samlokaliserte og utgjer og fungerer som eitt kollegium.

Dei seinare åra har vi satsa mykje på å etablere eit fungerande rammeverk for arbeid i team. Skulen starta som rein ungdomsskule i 2006, men er no, etter fleire byggetrinn, ein fulldelt 1-10 grunnskule, med eigen SFO. Sentral plassering på ytre Sunnmøre, vanlegvis har vi elevar frå 5 kommunar i regionen.

Skulen sin visjon er bygd rundt dei 4 K-ane:

Kvalitet – i alt vi gjer

Kunnskap – om verda og faga vi har på skulen

Kjennskap - til den kristne trua

Karakter – som menneske

### **Barnetrinn:**

- Ca 80 elevar, vanlegvis 10 til 15 elevar per klasse.
- Vi legg vekt på tryggleik og trivsel.
- Eleven si læring og utvikling står alltid i sentrum.
- Satsing på uteskule.

### **Ungdomstrinn:**

- Ca 70 elevar, ei klasse per trinn, vanlegvis med 15 - 28 elevar
- Fokus på trivsel, trygt miljø og god læring
- Sterk "turkultur"
- Personleg datamaskin til alle

### **Vi tilbyr:**

- Gode løns- og arbeidsvilkår.
- Eit moderne skulebygg med gode fasilitetar. Flott personalavdeling med utsikt til Sunnmøralspane.

- Du vert ein del av skuleleiinga, og vil ha stor innverknad på eigen arbeidskvardag.
- Rundt 35 engasjerte og dyktige kollegaer.

**Rektor si rolle:**

Som rektor ved Møre barne- og ungdomsskule har du ei sentral rolle i den daglege drifta av skulen, med overordna personal- og økonomiansvar. Du skal leie og motivere personalet, samarbeide med føresette og elevar, og sjå til at skulen driv i tråd med gjeldande regelverk. I tillegg ynskjer vi heile tida å utvikle oss, og evne til, samt auge for å sjå og finne nye løysingar og satsingsområde, både i det daglege og på systemnivå, er viktig. Opparbeiding og utvikling av uteområde vil verte eitt av fleire prioriterte arbeidsområde. Skulen har vidare ein tydeleg kristen profil, og rektor har ei nøkkelrolle i å formidle og integrere kristne verdiar i skulen sitt arbeid.

**Vi søkjer etter:**

Ein engasjert, inspirerende og dedikert skuleleiar som brenn for utdanning og ønskjer å bidra til ein skule prega av kristne verdiar. Erfaring som skuleleiar, pedagogisk kompetanse, juridisk innsikt i gjeldande lover og reglar, gode samarbeidsevner, ein samlande natur, god administrativ kompetanse og økonomisk teft er moment som vil telje positivt i vurderinga.

**Meir informasjon om skulen eller stillinga?**

- [www.moreskule.no](http://www.moreskule.no)
- Rektor Asbjørg Muren Ulvund
  - Mob: 901 41 021
  - E-post: [asbjorg.ulvund@moreskule.no](mailto:asbjorg.ulvund@moreskule.no)

Send søknad med CV og referansar til [post@moreskule.no](mailto:post@moreskule.no)

Vi ser fram til å høyre frå deg!

